

Notat

Dykkar dato:	Vår dato:	28.11.2018
Dykkar ref:	Vår ref:	2018/671 - 9007/2018
	Arkiv:	150
	Sakshandsamar:	Trond Salmo

Til:
Formannskapet

Ny informasjon

1) Budsjettavtale på Stortinget

- KS har tolka avtalen mellom regjeringa og Krf om statsbudsjettet og anslår verknadane (eige vedlegg) til å bli ein reduksjon i rammetilskot til Fitjar på 153 000,- (reduksjon av tilskot til lærarnorma).
- Framlegg om auke i innslagspunkt for ressurskrevjande tenester, vert reversert. Dette gjev Fitjar 320 000,- meir i tilskot.

Det er lagt inn fleire øyremerkte tilskot i budsjettavtalen, men det er lite informasjon om korleis desse skal fordelast.

2) Nasjonale satsar i barnehagetilskotet

Utdanningsdirektoratet publiserte satsar for kapital og bemanning 30. oktober. Satsar for kapital aukar noko meir enn kommunal deflator, medan satsar for bemanning vart noko lågare enn forventa. Netto får me ein innsparing på tilskot til private barnehagar på 190 000,- i 2019. I planperioden sparer kommunen 76 000,- i 2020, og får meirkostnadar på 22 000,- i 2021 og 2022.

3) Medlemskontigent Friluftsrådet Vest (eige vedlegg)

Friluftsrådet Vest har vedteke kontigent for 2019 som utgjør ca. 73 000,- for Fitjar. Budsjettposten har ikkje vore oppdatert på nokre år, slik at ein manglar 12 000,- for å dekke prisjustert medlemskontigent. I tillegg manglar ein 16 000,- for å dekke foreslått tilleggsbeløp (5,- per innbyggjar).

Svar på ulike spørsmål

Utval for plan og miljø bad om konsekvensar ved å utvida 50 % reduksjon av eigedomsskatt på nybygg bustad, frå 5 til 10 år.

- Skattegrunnlaget for nye bustadar varierer mykje frå år til år. Dei siste åra har eigedomsskatt på nye bustadar før frådrag, ligge på mellom 40 000,- og 80 000,-, med eit snitt på 58 000,-.

Ei utviding av reduksjonen for nybygg med eit år gjev i snitt 29 000,- i mindreinntekter. For 5 års utviding vert mindreinntektene om lag 145 000,- årleg.

Spørsmål frå gruppeleiar SP Grete Marit Veka Maraas

- 1) Under Administrasjon, 1200, er det kontigent ca 540 000-547 000 (avh av år). Kva gjeld denne kontigenten og kva får Fitjar Kommune igjen for desse kostnadane?

Svar:

11951 Kontigent på 1100 Administrasjon 1200 Administrasjon består hovudsakleg av kontingentar knytt til medlemskapet i kommunesektoren sin organisasjon KS.

KS er også arbeidsgivarorganisasjonen for kommunane, med forhandlingsrett. KS forhandlar sentralt for kommunen. Vidare er kommunen ein utviklingspartner og interesseorganisasjon for kommunane.

Administrasjonen finn det ikkje realistisk å melde seg ut av KS.

Kontingenten til KS for 2019 er på kr 217 714. Av dette utgjør kr 199 088 kontingent, og kr 18 627 kontingent til forskings- og utviklingsarbeid. I tillegg til dette kjem kontingent for opplærings- og utviklingsmidlar (OU-midlar). Både arbeidsgjevar- og arbeidstakar-sida bidreg med midlar til desse midlane, som partane kan søkje på for å få dekkja kostnader knytt til opplæring og utvikling. Det føler av sentral særavtale SGS 1020 at OU-kontingenten skal utgjere 0,24 % av lønsmassen pr. 01.12 det forutgåande år. OU-kontingenten utgjorde i 2018 kr 285 274. Kommunane kan søkje på for å få dekkja kostnader knytt til arbeidsgjevar-relatert leiingsutvikling.

Det kan forøvrig nemnast at på same post vert det også ført kontingent for medlemskap i to mindre organisasjonar; Landssamanslutning av nynorskkommunar (om lag kr 12 000,-), og Kommunal Informasjonssikkerhet (om lag kr 3 000,-). Frå 2017 til 2018 vart denne posten redusert med om lag 30 000,-, då ein sa opp medlemskap for stillingsutlysingar på Finn.no.

- 2) Helsesøster er redusert med ca 20% stilling som aktivt tiltak. Ser ein for seg kva denne reduksjonen vil ramme, eller er det opp til dei som arbeider som helsesøster å sjølv prioritere kva reduksjonen vil føre til?

Svar:

Fitjar helsestasjons- (inkludert Helsestasjon for ungdom) og skulehelseteneste skal drive førebyggjande og helsefremjande tenester for befolkninga i kommunen. Tenesta skal vera eit lågterskeltilbod for gravide, barn, ungdom og familiar. Vidare skal tenesta vera lett tilgjengeleg og gje eit likeverdig tilbod til alle som tek kontakt, jf. Forskrift og Nasjonal faglege retningslinjer. I Fitjar ser me ei auke i førespurnader frå brukarane, og ei auke i høve utfordringar hjå gravide, fødsjar og konsultasjonar. Det er og fleire som nyttar oss i skulehelsetenesta og Helsestasjon for ungdom.

Samhandling, brukarmedverknad, vald, overgrep og omsorgssvikt er berre noko av det som kjem fram (<https://helsedirektoratet.no/retningslinjer/helsestasjons-og-skulehelsetjenesten>)

Det å redusere 20 % stilling på helsestasjon vil føre til mindre tilgjenge, som i praksis vil sei ei svekka helsesøsterdekning i både helsestasjons- og skulehelsetenesta. Dette vil føre til ein gjennomgang og prioritering og tydeleggjering av mål, kan og bør oppgåver.

- 3) Investering nybygg Rimbareid er til saman på 11,5 million kr. Er oppgradering av gymsalen del av denne investeringa? Det er sett av 0,5 mil kr til plan av gymsal, men er det fleire stader det er ført opp noko med tanke på renovering av salen? Er rentekostnadene som er kalkulerede tilsvarande tala i forslag til skulebruksplanen?

Svar:

Det er budsjettert med midlar til plan for oppgradering av gymsal, men ikkje til oppgradering. Det ligg driftsmidlar til leige av lokale på FKIB. Når ein har plan for oppgradering vil ein vurdere kostnadar med oppgradering opp mot desse leigekostnadane, i tillegg til andre fordelar/ulempar. Rentekostnadane i skulebruksplanen (s 29) vart sett til 3 %, medan budsjettet er basert på renteprognozen som er beskrive på s 29 i budsjettet. (Viser og til s 38 i budsjettet).

- 4) Kaien i Årskog: Ser kaien er oppført med lavere inntekt enn i fjor, og er dette inntekt før eller etter den som har oppdrag med å kreve inn avgift har fått betaling? Kan ein sjå for seg at her kan det vera meir inntekt å henta i og med at Fitjar Meieri og kaien der er seldt?
Kan ein ikkje då forventast fleire anløp i løpet av året?
Kva inntekt har Fitjar Kommune på dei båtane som ligg fast der, og kva inntekt er separate anløp?
Kor mykje må Fitjar Kommune betala til den som har oppdraget med å kreve inn avgifta ang kaien?

Svar:

I 2018 var det lagt inn: 600 000,- for 2 båtar heile året, 125 000,- for uttak stein, og 140 000,- lagt inn av kommunestyret. I 2019 er det lagt inn: 300 000,- for 2 båtar i 6 mnd. og 215 000,- i andre inntekter.

Fitjar kommune har ikkje noko aktiv påverknad på tal båtar som ligg i opplag på Årskog. Vi har fått ein henvendelse og tatt stilling til denne. I delar av 2018 låg det tre båtar der, no ligg det to båtar der og det er vårt budsjettutgangspunkt. Det er til ei kvar tid ein diskusjon om det er ein fordel å ikkje ha båtar i opplag ved den offentlege kaien der, fordi det kan vera anna næringsverksemd som treng kaien. Per no er dei økonomiske fordelane størst ved å tilby kaien til opplag. Vi har ein korttidsavtale om utleige, og difor bør vi heller ikkje å ha for høgt budsjetterte inntekter.

"Meierikaien" er ein offentlig kai i hht. reguleringsplan for Fitjar sentrum. Ein ny avtale om dette er forhandla fram med dei nye eigarane Engesund Fiskeoppdrett AS og den skal handsamast i førstkomande formannskapsmøte 05.12.18. Engesund Fiskeoppdrett har inntektene frå kaiutleige der.

Oversikt over fondsmidlar per 31. desember 2017:

Bruk og avsetningar til fond vert i all hovudsak gjennomført i årsavslutninga. Ein vil mellom anna foreslå å setja av unytta midlar frå Havbruksfondet på disposisjonsfondet. Gjennomgang og naudsynte korrigeringar vil bli lagt fram for formannskapet i første møte etter nyttår.

Ved inngangen til 2018 hadde kommunen følgjande fondsmidlar:

Bundne driftsfond	10 470 667
Ubundne investeringsfond	8 797 756
Bundne investeringsfond	8 348 853
<u>Disposisjonsfond</u>	<u>19 655 301</u>
Sum	47 272 577

Av dette er 30 125 968 driftsfond og 17 146 609 investeringsfond (av dette er 7,5 mill. forskottert utbygginga av Gartnartunet).

Med helsing

Trond Salmo
Økonomisjef